



SKOGBRUKSINFORMASJON I SURNADAL KOMMUNE 2018

PERSONAL

Vi på Areal- og naturforvaltning som arbeider med skogbruk og jordbruk har følgjande telefonnummer og e-post:

Tore Gjøl	91 30 33 88	tore.gjol@surnadal.kommune.no
Mona Rosvold	91 67 60 17	mona.rosvold@surnadal.kommune.no
Elin Moen	95 25 93 60	elin.moen@surnadal.kommune.no

Skog- og viltforvaltningsarbeidet i Surnadal kommune blir utført av Tore Gjøl.

SKOGPLANTING, UNGSKOOGLEIE MM. I 2018

Når du skal plante sjølv kan du bestille skogplantar direkte frå Megarden planteskule. Dei treffes på tlf. 91 14 15 31 eller epost megarden@skogselskapet.no

Viss du ønskjer å leige hjelp til planting eller ungskogpleie så er det no to aktørar som tilbyr slike tenester her i kommunen. Det er:

Allskog SA, v/Per Egil Rønning, tlf. 95217612, epost: per.egil.ronning@allskog.no eller v/Ola Bakken, tlf. 48185889, e-post: ola.bakken@allskog.no

Nortømmer AS, v/Ivar Egil Gjøra, tlf. 47344619, epost: ivar.egil.gjora@nortommer.no

Etter utført oppdrag blir det sendt ut faktura frå Allskog eller Nortømmer til skogeigar. For å få dekt skogkulturkostnader med skogfond og tilskot, tar du kontakt med Tore Gjøl. Vi ser helst at du betaler motteke faktura over privatkonto/driftskonto, og etterpå ber om refusjon av skogfond/tilskot.

Skogkultur som skogeigarane har gjennomført sjølve, er det berre å melde inn til Tore Gjøl om så snart som råd, slik at rettmessig tilskot og evt. skogfond blir utbetalt.

**TILSKOTT TIL SKOGKULTUR 2018**

Surnadal kommune v/kontaktutvalet for skogbruk har fastsett slike satsar for tilskott til skogkultur for 2018:

Tilskott skogkultur 2018:	
Planting:	30 % av godkjent kostnad *
Suppleringsplanting i hogstfelt:	40 % av godkjent kostnad *
Flaterydding:	Inntil kr. 200 pr. daa, maks 70% av kostnad.
Markberedning:	Inntil kr. 250 pr. daa, maks 70% av kostnad.
Ungskogpleie / avstandsregulering	Inntil kr. 250 pr. daa, maks 70% av kostnad.
Stammekvisting:	Inntil kr. 200 pr. daa, maks 70% av kostnad.
Grøfting:	Inntil 40 % tilskott av godkjent kostnad.
Gjødsling:	Inntil 40 % tilskott av godkjent kostnad.
Såiing:	Inntil 40 % tilskott av godkjent kostnad.
Skogkulturtilskott i 2018 blir prioritert i denne rekkjefølgje:	
1. Tilplanting av hogstfelt etter granhogst og høgbonitet plantemark etter furu- og lauvhogster.	
2. Suppleringsplanting i hogstfelt etter granhogst.	
3. Markberedning av hogstfelt etter furuhogst.	
4. Ungskogpleie/avstandsregulering i plantefelt i hogstkl. 2, av gran eller furu.	
5. Andre tiltak.	
Tilskott til planting av fremmande treslag blir ikkje prioritert.	

Meld frå til kommunen om utført skogkultur etter kvart som arbeidet er ferdig.

* Det blir også gjeve eit statstilskott for tettare planting, som utgjør ca 10-15 %.

TILSKOTT TIL TAUBANEDRIFT MM. I 2018

Fylkesmannen har fastsatt slike tilskott til drift i vanskeleg terreng i 2018:

Tilskotsatsar:

- Taubanedrift, furu og lauv hogst: **160 kr/m³**
- Taubanedrift gran hogst: **90 kr/m³**, maks 6000 kr/daa.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terreng: **60 % tilskott** for dokumentert kostnad. Inntil 400 kr/time i kostnad.
- Driftsveglengde over 1,3km: **20 kr/m³**
- Driftsveglengde over 2,0km: **40 kr/m³**
- Drift av glissen skog (<8 m³/daa) på høg bonitet (17 og høgare): **50 kr/m³**

Fylkesmannen skal førehandsgodkjenne alle taubanedrifter



TILSKOT TIL FØRSTEGANGSTYNNING 2018

Det blir ikkje gjeve tilskott til førstegangstynning i 2018.

Dette blir grunngjeve med at Surnadal kommune vil prioritere å bruke NMSK-midlane på skogkulturtiltak.

TILSKOT TIL SKOGSVEGAR I 2018

Fylkesmannen har fastsett slike reglar vedr. tilskott til skogsvegar i 2018:

- Skogsbilveg, inkludert snu- og lunneplassar: **inntil 50 % tilskott.**
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil **60 % tilskot.**
- Lassbærarveg/Traktorveg kl. 7: **20-40 % tilskott.** Høgaste sats der vegen kan ombyggast til skogsbilveg.
- Støtte til dekking av kostnader ved innleige av hjelp til vegplanlegging/byggeleiing – lik sats som tilskot til vegbygginga.
- Før anleggsarbeidet vert sett i gang skal det føreligge ein byggjeplan godkjent av kommunen. Denne skal leggest ved søknad om tilskot.

Meir om vilkår for at skogsveg skal være tilskottsberettiget :

- Vegplana skal være godkjent av kommunen.
- Vegen skal utgjere ein del av det permanente vegnettet.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging.
- Det skal vere planlagt snu- og velteplassar.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltaka, jf. §3 i Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Vilkåra må vere i samsvar med formålet med tiltaka.
- Ved byggekostnad større enn kr 200.000,- er det krav om at byggjearbeidet skal konkurransenutsettast.
- Opprusing av forsømt vedlikehald er ikkje tilskottsberettiget.



Prioriteringsgrunnlag for tilskot

- Ved prioritering av søknader vert det vurdert om vegen er planlagt i tråd med hovudplan eller foreløpig hovudplan. Skogsbilvegar blir prioriterte framfor traktorvegar.
- Løysing av flaskehalsar, snuplassar og tiltak for å få tømmerbil av offentlig veg prioriterast.
- Det vert vurdert om vegen vil bidra til å ta vekk grunnlaget for å få bygd ut større samarbeidsprosjekt.
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar, der det er grunnlag for slike vegløyningar.
- Det vert vurdert om vegen vil utløyse stor aktivitet, nært føreståande, framfør på lang sikt.
- Jordskiftevegar vert prioritert framfor andre vegar som elles vert vurdert likt.

- Søknadsfrist første tildelingsrunde: **15. mars.**
- Søknadsfrist andre tildelingsrunde: **15. august.**